



Notat

Til: Jon Askeland
Kopi til:
Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Lin Tove Thomassen
Vår referanse: 14/1734 - 32 / FE - 014
Dato: 13.05.2015

Emne: Oppteljing og valkort ved kommunestyre- og fylkestingvalet

Oppteljing

Det er ulike måtar å gjennomføre oppteljing av stemmesetlar.

Alternativ 1:

Ved sentral oppteljing vil stemmesetlane bli talt opp to gongar, førebels og endeleg og resultatet vert rapportert og vist utan at veljarane kan sjå resultat frå dei ulike krinsane.

Alternativ 2:

Ved krinsvis oppteljing vil stemmesetlane bli talt opp to gongar, førebels og endeleg resultat vert rapportert krinsvis og veljarane vil sjå resultat frå dei ulike krinsane.

Som valansvarleg ser eg ein fordel med alternativ 2. Når vi skal skanne stemmesetlane vil det vere ein fordel med krinsvis oppteljing. Då vil vi ha fleire bunkar og færre setlar å skanne på nytt om vi må skanne oppatt.

Det er opp til valstyret å avgjere oppteljingsmåte og vi ber om at det vert teke ei avgjersle i møtet i valstyret.

Kunngjering av godkjende vallister

Det er annonsert i avisa Strilen at godkjende partilister vert lagt ut til offentleg ettersyn. Så snart dei er godkjend av valstyret vert listene lagt ut på rådhuset og på kommunen si nettside.

Fastsetjing av frist for å tinga stemmesetlar til parti.

Utdrag frå valhandboka:

Etter valgforskriften § 21 kan den tillitsvalgte for den enkelte valgliste for egen regning bestille det antall stemmesedler vedkommende ønsker gjennom fylkesvalgstyret/valgstyret. Krav om stemmesedler må fremsettes innan den frist fylkesvalgstyret/valgstyret setter.

Vi ønskjer å motta stemmesetlane tidleg i juli. Valstyret bør setje frist for tinging tidleg i juni.